

Vedtekter for IT-forum Vest

§ 1 Foreininga sitt namn

Foreininga sitt namn er IT-forum Vest

§ 2 Føremål

IT-forum Vest bidrar til berekraftig vekst i Vestland gjennom eit breitt samarbeid om IT i næringsliv, offentleg sektor, utdanning og forskning. IT-forum Vest tek initiativ til, samordnar og bidrar i felles utviklingsaktivitetar til nytte for heile regionen.

§ 3 Organisasjonsform

Foreininga er ein frittstående juridisk person med medlemmar. Foreininga er sjølveigande som betyr at ingen, verken medlemmar eller andre, har krav på foreininga sin formue eller eigendelar, eller er ansvarleg for gjeld eller andre plikter.

§ 4 Medlemar

Medlemskap i foreininga er open for alle organisasjonar innan offentleg, frivillig og privat sektor, undervisning og forskning når ein har aktivitet innanfor Vestland fylke.

§ 5 Rettar og plikter knytt til medlemskapet

Alle medlemmar har rett til å delta på årsmøtet, har stemmerett og kan veljast til tillitsverv i foreininga. Medlemmar som skuldar kontingent for meir enn eitt år, har ikkje stemmerett eller andre rettar, og styret kan stryke dei som medlem av foreininga. Medlemane pliktar å rette seg etter vedtak gjort av årsmøtet.

§ 6 Årsmøte

Årsmøtet, som blir halde kvart år, er foreininga sitt høgaste mynde. Årsmøtet er vedtaksført med det tal stemmande medlemar som møter. Alle medlemar har ei stemme. Møteleiar blir vald av årsmøtet.

Med mindre anna er bestemt, skal eit vedtak, for å vere gyldig, vere bestemt med alminneleg fleirtal av dei gjevne stemmene. Ved stemmelikheit har styreleiar dobbeltstemme.

Årsmøtet blir varsla av styret minst ein månad før, direkte til medlemane. Forslag som skal handsamast på årsmøtet, skal vere sendt til styret seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste må vere tilgjengeleg for medlemane seinast ei veke før årsmøtet.

Årsmøtet kan ikkje handsame forslag som ikkje er ført opp på saklista, med mindre 3/4 av dei møtande krev det.

§ 7 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal

- handsame årsmelding
- handsame revidert rekneskap
- handsame innkomne framlegg
- fastsetje medlemsavgift
- vedta budsjett
- velje
 - leiar og nestleiar
 - styremedlemar
 - varamedlemar
 - valkomite
 - revisor

§ 8 Ekstraordinære årsmøte

Ekstraordinære årsmøte blir haldne når styret avgjer det, eller minst 1/3 av medlemane krev det.

Innkalling skjer på same måte som for ordinære årsmøte, men med minst 14 dagars varsel. Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame og ta avgjersle i dei sakene som er kunngjort i innkallinga.

§ 9 Styret

Foreininga har eit styre på 7-9 medlemar. Samansetjinga av styret skal så langt råd representere det breie samarbeidet definert i føremålet. Styret bør ha mangfald og god kjønnsbalanse.

Styret er høgste mynde mellom årsmøta. Styret skal halde møte når styreleiar eller eit flertall av styremedlemane krev det.

Styret skal

- iverksette årsmøtevedtak
- etablere grupper, nettverk og utval eller peike ut personar som skal gjere spesielle oppgåver, og utarbeide instruks for desse
- administrere og føre nødvendig kontroll med foreininga sin økonomi etter gjeldande instruksar og avgjerder
- representere foreininga utad

Styret kan gjere vedtak når eit fleirtal av styret sine medlemar er til stades. Vedtak blir gjort med fleirtal av dei gitte stemmene. Ved stemmelikheit har styreleiar dobbeltstemme.

§ 10 Signaturrett

Styreleiar og ein styremedlem har i fellesskap signaturrett.

§ 11 Vedtektsendring

Endringar av desse vedtektene kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på saklista og krev 2/3 fleirtal av stemmene.

§ 12 Oppløysing

Oppløysing av foreininga kan berre gjerast på ordinært årsmøte. Oppløysing krev 2/3 fleirtal. Foreininga sin formue skal etter oppløysing og innfriing av eventuell gjeld tilfalle det føremålet foreininga arbeider for å fremme, ved at nettoformuen blir gjeve til ein ideell organisasjon som årsmøtet bestemmer.

Ingen medlemar har krav på det foreininga eig, eller del av denne.